

2024/2025

# Tilstandsrapport for grunnskulen

# Innhald

|                                                                            |           |
|----------------------------------------------------------------------------|-----------|
| <b>1. Innleiing .....</b>                                                  | <b>3</b>  |
| <b>2. Visjon og fokusområde .....</b>                                      | <b>3</b>  |
| <b>3. Elevar og lærarar .....</b>                                          | <b>4</b>  |
| 3.1 Talet på elevar .....                                                  | 4         |
| 3.2 Lærartettleik .....                                                    | 5         |
| 3.3 Undervisningspersonale.....                                            | 7         |
| <b>4. Læringsmiljø .....</b>                                               | <b>8</b>  |
| 4.1 Elevundersøkinga .....                                                 | 8         |
| 4.2 Mobbing på skulen .....                                                | 10        |
| <b>5. Nasjonale prøver 5. trinn .....</b>                                  | <b>13</b> |
| 5.1 Rekning.....                                                           | 13        |
| 5.2 Lesing .....                                                           | 14        |
| 5.3 Engelsk .....                                                          | 15        |
| <b>6. Nasjonale prøver ungdomstrinn .....</b>                              | <b>16</b> |
| 6.1 Rekning.....                                                           | 16        |
| 6.2 Lesing .....                                                           | 18        |
| 6.3 Engelsk .....                                                          | 20        |
| <b>7. Karakterar og grunnskulepoeng.....</b>                               | <b>21</b> |
| 7.1 Matematikk.....                                                        | 21        |
| 7.2 Norsk.....                                                             | 22        |
| 7.3 Engelsk.....                                                           | 23        |
| 7.4 Grunnskulepoeng.....                                                   | 24        |
| <b>8. Fråvær og gjennomføring .....</b>                                    | <b>25</b> |
| 8.1 Fråvær 10. trinn .....                                                 | 25        |
| 8.2 Gjennomføring/overgangar.....                                          | 26        |
| <b>9. Individuelt tilrettelagt opplæring og inkluderande praksis .....</b> | <b>27</b> |
| 9.1 Spesialundervisning (individuelt tilrettelagd opplæring) .....         | 27        |
| 9.2. Alternativ opplæringsarena.....                                       | 29        |
| 9.3. Særskilt norskopplæring.....                                          | 30        |
| <b>10. Etter- og vidareutdanning for lærarar .....</b>                     | <b>31</b> |

# 1. Innleiing

Etter innføringa av ny opplæringslov 1. august 2024 er det ikkje lenger eit krav om at skuleeigar må utarbeide ein årleg rapport om tilstanden i opplæringa. Kommunestyret skal likevel minst ein gong i året få informasjon om læringsmiljøet, læringsresultata og gjennomføringa av elevane si opplæring. Administrasjonen vel difor å halde fram arbeidet med ein skriftleg tilstandsrapport. Målet er at dette kan vere eit verktøy for det vidare arbeidet med kvalitet i grunnskuleopplæringa. For å kunne prioritere og følgje opp utviklinga på ein god måte er det viktig at styringsorgana i kommunen har eit bevisst og kunnskapsbasert grunnlagsmateriale. Ei politisk forankring av dette arbeidet er viktig.

Kommunen skal ha eit forsvarleg system for å følgje opp resultata frå nasjonale kvalitetsvurderingar som departementet gjennomfører. Tilstandsrapporten vil som eit minimum innehalde opplysningar om læringsresultat, fråfall og læringsmiljø. I tillegg vil andre resultat og data kunne brukast ut frå lokale behov. Når det blir gjort vurderingar av tilstanden, er det viktig å synleggjere kva som er målsetjingane hos skuleeigar og skular. Dette dannar grunnlag for vurderinga. Tidleg innsats er vesentleg for å betre elevane sine ferdigheiter og styrke den faglege utviklinga. Kartlegging av elevane sitt ferdigheitsnivå må følgjast opp med tiltak for dei som har behov for ekstra støtte frå første stund. Tilpassa opplæring, individuell tilrettelegging og spesialpedagogisk innsats er her heilt sentralt.

Målet er kvalitetsutvikling, læring, inkludering og trivsel. Kvalitetsvurderinga er ein prosess der dialogen om kva som er god kvalitet, står sentralt. Sykkylven kommune har innført faste styringsdialogar mellom kommuneleinga og den enkelte rektor/skule to gongar i året.

Talmateriale og resultat i denne tilstandsrapporten er i hovudsak henta frå følgjande kjelder:

- Skulane si årlege GSI-rapportering
- Nasjonale prøver
- Elevundersøkinga

## 2. Visjon og fokusområde

Visjonen for Sykkylven kommune som skuleeigar er å gi barn og unge skaparglede og lærelyst for framtida gjennom god kvalitet i opplæringa i eit inkluderande og trygt miljø der alle elevane får oppleve ei kjensle av meistring.

Målet er å skape ei samla og tydeleg retning for oppvekstsektoren i Sykkylven kommune. Dette blir gjort både gjennom lokale satsingar som implementering av BTI-modellen (Betre Tverrfagleg Innsats), og gjennom deltaking i regionale kompetanseordningar som «DeKomp» og «Kompetanseløftet for inkluderande praksis og spesialpedagogikk». Dei to sistnemnde ordningane skjer i nært samarbeid med Høgskulen i Volda.

Skulane i Sykkylven skal legge vekt på å finne ein god balanse mellom bruk av tradisjonelle lærebøker og digitale verktøy. Tiltaka skal ha forskningsbasert kunnskap som grunnlag. Lærebøkene kan ha mange styrkar som skjermbruken ikkje har. Samtidig veit vi at digitale hjelpemiddel til dømes kan gjere det enklare å tilpasse opplæringa til individuelle behov. Inneverande skuleår har alle dei

kommunale skulane teke i bruk Lingdys Skole, for å gi elevane ekstra støtte i lese- og skriveopplæringa (på nynorsk). Skulane er også i ferd med å implementere Visma Samspill, eit digitalt verktøy som skal styrke samhandlinga mellom skule, foreldre og støtteapparatet rundt elevar med særlege behov. Dette er døme på tiltak som vert gjort i tråd med dei målsetjingane og satsingsområda kommunen har. Vi veit at digitalisering vil ha stor innverknad på samfunnet og påverke oss på stadig ny måtar i åra framover. Ikkje minst gjeld dette bruken av KI (kunstig intelligens) som no gjer sitt inntog på alle arenaer, også i skulen. Kompetanse og kritisk vurdering er ein føresetnad for at dette skal kome elevane til gode.


Denne rapporten prøver å gi eit oversyn over kva område kommunen bør ha fokus på for å betre kvaliteten i grunnskuleområdet. Nokre av fokusområda kjem grunna statlege satsingar, andre fordi vi ser at vi må forbetre oss på område der vi får låg skåre (t.d. Elevundersøking og Nasjonale prøver). Det komande året vil skulane i Sykkylven framleis ha fokus på å betre leseferdigheitene til elevane. Ein del av dette arbeidet skjer i regi av DeKomp, med HVO som fagleg samarbeidspartnar. Ungdomsskulen nyttar metoden «Lesson Study», med tema lesing i alle fag. Dei to barneskulane har valt å prioritere arbeidet med «Tid for lesing». Dette er ein del av statlege Leselyststrategien 2024-2030, som er utvikla og drifta av Udir og Nasjonalt senter for lesing i Stavanger. Målet er å endre praksis på skulane gjennom å auke kompetansen til dei tilsette, sette av tid til lesing, auke motivasjonen og betre lesekondisen. Biblioteket er også kopla på som ein samarbeidspartnar.

I tillegg blir det viktig å vidareføre satsinga på at alle elevar skal ha eit trygt og godt skulemiljø. Det skal vere ein låg terskel for å etablere aktivitetsplanar for den enkelte elev. Samtidig skal skulane bli dyktigare til å ta i bruk samhandlingsverktøyet Visma Samspill Skole, der også føresette er aktive deltakarar i arbeidet rundt barn med særskilde behov.

## 3. Elevar og lærarar

### 3.1 Talet på elevar

Sykkylven kommune (eigar) – utvikling



Samla for alle klassetrinn:

| Skuleår   | Skule                     | Tal på elevar |
|-----------|---------------------------|---------------|
| 2024/2025 | Sykkylven kommune (eigar) | 771           |
| 2024/2025 | Sykkylven ungdomsskule    | 304           |
| 2024/2025 | Aure barneskule           | 387           |
| 2024/2025 | Sørestranda skule         | 80            |

### Skuleeigars eigenvurdering

Lavare fødselstal har dei siste åra resultert i markert nedgang i talet på barnehagebarn. No ser vi at dette for alvor også begynner å gi utslag for elevtalet. Samla nedgang for dei kommunale skulane er på 41 elevar samanlikna med 2023/2024. Dei to privatskulene (Velledalen Montessoriskule og Hundeidvik privatskule) har samla sett uendra elevtal samanlikna med førre skuleår (111 elevar). Kommunen forsøker å marknadsføre dei kommunale tilboda knytt til opptaksområda. Ei generell marknadsføring av Sykkylven kommune som ei attraktiv bu-, fritids- og arbeidskommune, vil også vere ei viktig satsing.

## 3.2 Lærartettleik


Lærartettleik handlar om kor mange elevar det er pr lærar i skulane våre. I fylgje Lærarnorma skal det i snitt pr skule vere maksimum **15 elevar** pr. lærar på 1.-4.klassetrinn og maksimum **20 elevar** pr lærar på 5.-10. klassetrinn.

Lærarnorma er ei norm for forholdet mellom talet på lærarar og elevar i *ordinær undervisning*. Det har ingen ting med kor mange elevar det er i klassen. Ressursar til spesialundervisning og undervisning i særskilt norsk ikkje blir rekna med. Desse lærartimane kjem i tillegg. Lærarnorma er altså ein teoretisk indikator som seier noko om høvet mellom talet på elevar og lærarar i ein gjennomsnittleg undervisningssituasjon. Norma gjeld innanfor kvart hovudtrinn ved kvar enkelt skule.

#### Lokale mål


Sykkylven kommune har som mål å oppfylle lærarnorma, ha fokus på tidleg innsats og å gi god tilpassa opplæring i heile grunnskulen.

### Sykkylven kommune (eigar) | Lærartettleik i ordinær undervisning 1.-4. trinn




Landssnitt: 13,6 - Møre og Romsdal: 13,5. (2024/2025)

### Sykkylven kommune (eigar) | Lærartettleik i ordinær undervisning 5.-7. trinn



Landssnitt: 16,4 - Møre og Romsdal: 15,4. (2024/2025)

### Sykkylven kommune (eigar) | Lærartettleik i ordinær undervisning 8.-10. trinn



Landssnitt: 17,9 - Møre og Romsdal: 17,1. (2024/2025)

---

### Skuleeigars eigenvurdering

Målet om å oppfylle lærarnorma er innfridd med god margin. Alle skulane har auka lærartettleiken samanlikna med førre året. Samanlikna med mange andre kommunar er ressurstilgangen i Sykkylven på eit godt nivå. Både på 1.-4. trinn og 5.-7. trinn er lærartettleiken i Sykkylven vesentleg betre enn både landssnittet og Møre og Romsdal. Dette har si hovudårsak i innføringa av tolærarsystem ved Aure barneskule, og at Sørestranda skule er relativt liten med færre elevar per klasse. Sykkylven ungdomsskule har derimot lågare lærartettleik enn landssnittet og Møre og Romsdal.


Utfordringa har over fleire år vore fordelinga av ressursar mellom skulane. Dei siste åra har kommunen hatt fokus på modellar som skal sikre rettferdig fordeling av ressursane mellom skulane. Dette er eit kontinuerleg arbeid.

### 3.3 Undervisningspersonale


#### Lokale mål

Sykkylven kommune har som mål at alle som underviser i grunnskulane skal oppfylle kravet om godkjend, formell kompetanse.

#### Sykkylven kommune (eigar) | Årsverk personale som blir brukt til undervisning



#### Sykkylven kommune (eigar) | Andel årstimer gitt av personale med godkjend utdanning



#### Skuleeigars eigenvurdering

Siste GSI-rapportering syner at 96,7% lærarane ved grunnskulen i Sykkylven oppfyller kompetansekrava knytt til det trinnet dei skal undervise på. Målsetjinga på 100% vart ikkje nådd, men det er likevel gode resultat som ligg over landssnittet (93,5%). Assistentar skal ikkje inkluderast, men dersom assistentar utfører undervisningsoppgåver skal dei reknast som personell som ikkje oppfyller kompetansekrava.

Det er stort fokus i tilsettingsprosessane for nye lærarar at dei fyller kompetansekrava for faga dei skal undervise i. Dette må kommunen fortsette å prioritere. Dette gjeld også i fagområda spesialpedagogikk og norsk som andrespråk der i vi treng lærarar med utdanning i faga.

## 4. Læringsmiljø

### 4.1 Elevundersøkinga

#### Lokale mål


Vi ønsker å oppnå resultat som er like bra eller betre enn gjennomsnittet for landet. Skalaen går frå 1-5. Høg verdi vil seie positivt resultat. Unntak er andel mobba, som er i prosent.

Alle elevar skal inkluderast og oppleve meistring. Det er obligatorisk for skuleeigar og skuleleiarar å gjennomføre elevundersøkinga for elevar på 7. og 10. klasstesteg. Resultata frå Elevundersøkinga viser elevane si subjektive oppfatning av eigen læringssituasjon. Resultata for alle spørsmål/indeksar blir viste i ein eigen rapportportal.

I tilstandsrapporten nyttar vi dei læringsmiljøindeksane som tidlegare har vore obligatoriske:


- Støtte frå lærarane: Indeksen viser korleis elevane opplever emosjonell og fagleg støtte frå lærarane
- Vurdering for læring: Indeksen kartlegg elevane si oppleving av vurderingspraksisen til lærarane, og skal synleggjere kor vidt praksisen hemmar eller fremjar læring. Fire forskningsbaserte prinsipp ligg til grunn (forståing/forventning, tilbakemeldingar, råd og involvering).
- Læringskultur: Indeksen viser om elevane opplever at skulearbeidet er viktig for klassa, at det er arbeidsro i klassa, og om det er rom for å gjere feil i læringsarbeidet.
- Meistring: Indeksen viser elevane si oppleving av meistring i samband med undervisning, lekser og arbeid på skulen.
- Elevdemokrati og medverknad: Indeksen viser elevane si oppleving av kor vidt dei får medverke i arbeidet med faga, om dei får vere med og avgjere klassereglar og delta i elevrådsarbeidet.
- Andel elevar som har blitt mobba (prosent). Elevundersøkinga praktiserer strenge reglar for personvern, og resultata for Sykkylven når det gjeld mobbing blir i stor grad «prikk», dvs. ikkje opne på grunn av for lave elevtal/mobbetal. Desse dataene ligg altså under publiseringsgrensa. Etter siste elevundersøking vart det lempa litt på desse reglane.

## Sykkylven kommune (eigar) | Elevundersøkinga 7. trinn



Skuleeigars eigenvurdering: Alle indikatorane for 7. trinn er like bra eller betre enn landssnittet. Målsetjinga for 2024/25 er oppnådd. Positiv utvikling på dei aller fleste indikatorar samanlikna med året før. Det gode arbeidet må halde fram.

## Sykkylven kommune (eigar) | Elevundersøkinga 10. trinn



Skuleeigars eigenvurdering: Alle indikatorane for 10. trinn ligg under landssnittet. Målsetjinga for 2024/25 er ikkje oppnådd. Skulen må nytte resultata frå elevundersøkinga som grunnlag for å jobbe ekstra med dei områda der dei har lågast måloppnåing samanlikna med landssnittet. For 10. trinn gjeld dette særleg områda «Meistring» og «Elevdemokrati og medverknad».

## 4.2 Mobbing på skulen

### Lokale mål

Alle tilsette, barn og føresette skal arbeide saman for å utvikle og oppretthalde eit positivt og inkluderande skulemiljø, fritt for krenkande åtferd. Alle vaksne skal ha ei tydeleg nulltoleranse mot mobbing og utestenging.

- Skulen skal førebyggje og arbeide kontinuerleg for at elevane skal få eit trygt og godt skulemiljø.
- Skulen skal raskt gripe inn mot krenking som mobbing, vald, utestenging, diskriminering og trakassering når dei vert gjort kjende med slike problem.
- Skulen skal bruke kommunale retningslinjer for korleis mobbesaker skal handsamast.
- Skulen skal gje elevar og føresette god informasjon om dei rettane barnet deira har i saker som handlar om mobbing eller andre krenkingar.

### Utvikling


Etter nokre år med aukande mobbetal syner den siste elevundersøkinga at denne trenden har stoppa opp i Noreg. Det er positivt. Elevundersøkinga viser at dei aller fleste elevane har det bra og trivst på skulen. Men det er framleis altfor mange elevar som opplever mobbing. Barna våre må ha det bra og vere trygge for å lære.

Det er i år lempa litt på reglane for publisering (jf. personvern). Difor kan mobbetala både for 7. trinn og 10. trinn i Sykkylven offentleggjerast. Tala viser at det er markant færre elevar som blir mobba i vår kommune, samanlikna både med landet og Møre og Romdal. Arbeidet med skulemiljøet må likevel framleis ha topp prioritet. Dette er eit kontinuerleg arbeid. Forsking viser at det er særst viktig at skulen tek raskt grep, så snart ein har mistanke om at ein elev ikkje har det trygt og godt.

Tabellane under syner prosentandelen elevar som svarar at dei har blitt mobba to-tre gongar i månaden eller oftare. Samleomgrepet «Mobbing i skulen» omfattar følgjande underkategoriar:


- Er du blitt mobba av andre elevar på skulen? (dei høgaste mobbetala ligg her)
- Er du blitt mobba av vaksne på skulen? (dei lågaste mobbetala ligg her)
- Er du blitt mobba digitalt? (denne kategorien synest å auke mest)

## Mobbing på skulen - 7. trinn



Mobbetala er målt i prosent. Med unntak av 2022/23 og 2024/25 ligg mobbetala på 7. trinn i Sykkylven under publiseringsgrensa. Desse resultatane er difor skjerna. Mobbetala for 7. trinn i Sykkylven (kommunale skular) er lågare enn både landssnittet og fylkessnittet.

## Mobbing på skulen - 10. trinn



Etter 2019/2020 ligg mobbetala for 10. trinn i Sykkylven under grensa for å kunne publiserast. Lemping på reglane gjer at tala kan publiserast for 2024/2025. Mobbetala for 10. trinn i Sykkylven er vesentleg lågare enn både landssnittet og fylkessnittet.

### Skuleeigars eigenvurdering

Sjølvs om Elevundersøkinga 2024/2025 syner at mobbetala i Sykkylven ligg godt under både landssnittet og Møre og Romsdal så må det framleis jobbast aktivt og målretta for nullvisjonen

knytt til mobbing. Statistikkar syner at mobbetala er høgast på mellomtrinnet, så dette er ei gruppe elevar vi bør ha særleg fokus på i det førebyggjande arbeidet.

Eit overordna mål er at alle skal arbeide saman for å utvikle og oppretthalde eit positivt skulemiljø, fritt for krenkande åtferd. Både meistring, motivasjon og trivsel vil vere ein del av dette arbeidet og heng nøye saman. Betre fagleg inkludering og tilpassa opplæring er eit satsingsområde også i 2025. Dei fleste elevane i Sykkylvsskulen trivst på skulen, men det er framleis svært viktig å arbeide godt og systematisk med målsettinga om eit trygt og godt skulemiljø. Eit miljø der elevane erfarer meistring både fagleg og sosialt, og der alle føler seg inkluderte. Utvikling av tydeleg klasseleiing er ein sentral del av dette arbeidet.

Eit godt og nært samarbeid mellom heim og skule er særst viktig. Når skulen får kjennskap til at ein elev ikkje har det trygt og godt på skulen, skal det opprettast ein aktivitetsplan for eleven, der det skal setjast inn tiltak som skal bidra til at eleven igjen opplever skulemiljøet som trygt og godt. Når målet er nådd, og eleven har ei subjektiv oppleving av å ha det trygt og godt på skulen, skal aktivitetsplanen avsluttast. Undervegs skal planen evaluerast og nye tiltak skal setjast inn ved behov. Heile tida skal det vere eit nært og tett samarbeid mellom heim, skule og eleven sjølv. Barnet si stemme inn i desse sakene er svært viktige. Elevmedverknad er eit krav som også er skjerpa i ny opplæringslov.

Både Statsforvaltaren og mobbeombodet i Møre og Romsdal har påpeika at skulane generelt har for høg terskel for å opprette saker knytt elevane sitt skulemiljø. Dette har dei kommunale skulane i Sykkylven teke på alvor, og gjennom fagsystemet Sikker Sak ser vi at det stadig vert oppretta skulemiljøsaker. Talet på saker handlar altså like mykje om administrative kulturar på skulane som at det handlar om utfordringar i elevmiljøet. Systematisk dokumentasjon er ein viktig del av internkontrollsystemet. Målet er å kome inn så tidleg som mogleg, og løyse saka på lavast mogleg nivå, dersom ein mistenker at ein elev ikkje har det trygt og godt på skulen. Plikta til å observere, følgje med og undersøke er den definitivt viktigaste, og det er denne plikta som utløyser dei andre pliktene. Eigna tiltak skal gjerast, og i mange tilfelle skal det lagast ein skriftleg tiltaksplan/aktivitetsplan.

Statistikk henta frå Sikker Sak syner følgjande (gjeld samla for dei tre kommunale skulane):

|     | Skulemiljøsaker<br>oppretta i 2022 | Skulemiljøsaker<br>oppretta i 2023 | Skulemiljøsaker<br>oppretta i 2024 |
|-----|------------------------------------|------------------------------------|------------------------------------|
| SUM | 42                                 | 39                                 | 26 (17)                            |

(Tala i parentes gjeld nye aktivitetsplanar).

Statistikken omfattar talet på elevar som har fått saker oppretta i Sikker Sak knytt til skulemiljø. Dette gjeld alt frå journalnotat og samtalar med foreldre til oppretting av aktivitetsplanar etter opplæringslova § 12-4. Av dei 26 nye sakene som vart oppretta i 2024 er det 17 saker med tiltaksplan/aktivitetsplan. I 2023 vart det oppretta 22 nye aktivitetsplanar, og nokre av desse var framleis aktive i 2024.

Enkelte saker kan bli så krevjande for skulen at kommunen sitt støtteapparat må kopløst på. I Sykkylven grunnskule sine rutinar for å sikre eit godt og trygt skulemiljø står det m.a. at «Skuleeigar skal alltid vere orientert om alvorlege hendingar og skulemiljøsaker». I Sykkylven er det først og fremst følgjande støttefunksjonar som kan kopløst på i saker som er vanskeleg å løyse: PPT, skulehelsetenesta, LOS-funksjon, familieteam, skulefråværsteam.

## 5. Nasjonale prøver 5. trinn


### 5.1 Rekning

#### Lokale mål

Kommunen bør ha som mål å ligge nært landssnittet på alle fagområde, og at færrest mulig elevar ligg på meistringsnivå 1, og at fleire elevar kan prestere på meistringsnivå 3.

| Skuleår | Meistringsnivå   | Sykkylven (eigar) | Møre og Romsdal | Landet |
|---------|------------------|-------------------|-----------------|--------|
| 2024-25 | Meistringsnivå 1 | 24,3 %            | 29,0 %          | 28,7 % |
| 2024-25 | Meistringsnivå 2 | 43,3 %            | 48,8 %          | 47,2 % |
| 2024-25 | Meistringsnivå 3 | 32,4 %            | 22,2 %          | 24,1 % |

#### Sykkylven kommune (EIGAR) | Meistringsnivå 5. trinn – rekning



#### Skuleeigars eigenvurdering

Andelen elevar på lågaste meistringsnivå er nær halvert sidan førre måling. Samtidig er det ein stor auke i andel elevar på høgaste meistringsnivå. Dette er svært positivt. Sykkylven har eit vesentleg betre resultat enn både landssnittet og Møre og Romsdal. Konklusjon: Målsetjing nådd, og det gode arbeidet må halde fram. Vi må ta høgde for at målingar for relativt få elevar kan gi store statistiske utslag.


## 5.2 Lesing

### Lokale mål

Kommunen bør ha som mål å ligge nært landssnittet på alle fagområde, og at færrest mogleg elevar ligg på meistringsnivå 1, og at fleire elevar kan prestere på meistringsnivå 3.

| Skuleår | Meistringsnivå   | Sykkylven (eigar) | Møre og Romsdal | Landet |
|---------|------------------|-------------------|-----------------|--------|
| 2024-25 | Meistringsnivå 1 | 30,1 %            | 30,2 %          | 27,2 % |
| 2024-25 | Meistringsnivå 2 | 51,7 %            | 47,8 %          | 47,0 % |
| 2024-25 | Meistringsnivå 3 | 19,2 %            | 22,0 %          | 25,8 % |

### Sykkylven kommune (EIGAR) | Meistringsnivå 5. trinn – lesing



### Skuleeigars eigenvurdering

Leseferdigheitene på 5. trinn viser god framgang samanlikna med førre måling. Andelen elevar på lågaste meistringsnivå er redusert frå 42,6% til 30,1%. Sjølv om målingar for relativt få elevar kan gi store statistiske utslag vonar vi at satsinga på tilpassa opplæring i lesing begynner å vise resultat. Konklusjon: Sykkylven ligg litt under landssnittet. Målsetjing delvis nådd. Satsinga må halde fram. Resultata må også sjåast i samanheng med at Sykkylven har ein høgare andel minoritetsspråklege barn enn landssnittet.


## 5.3 Engelsk

### Lokale mål

Kommunen bør ha som mål å ligge nært landssnittet på alle fagområde, og at færrest mulig elevar ligg på meistringsnivå 1, og at fleire elevar kan prestere på meistringsnivå 3.

| Skuleår | Meistringsnivå   | Sykkylven (eigar) | Møre og Romsdal | Landet |
|---------|------------------|-------------------|-----------------|--------|
| 2024-25 | Meistringsnivå 1 | 10,7 %            | 22,2 %          | 23,0 % |
| 2024-25 | Meistringsnivå 2 | 49,3 %            | 52,7 %          | 51,1 % |
| 2024-25 | Meistringsnivå 3 | 40,0 %            | 25,1 %          | 25,9 % |

### Sykkylven kommune (EIGAR) | Meistringsnivå 5. trinn – engelsk



### Skuleeigars eigenvurdering

Dei nasjonale prøvene syner særst gode resultat for Sykkylven, og ei voldsom forbetring frå førre år. Variasjon av nivå mellom ulike årskull kan sjølvstøtt vere noko av forklaringa, men det er uansett gledelege resultat. Berre 10,7% ligg på lågaste meistringsnivå, medan heile 40% ligg på høgaste meistringsnivå. Dette er langt betre enn landssnittet (23% på lågaste og 25,9% på høgaste). Konklusjon: Resultata «overgår» målsetjinga.

## 6. Nasjonale prøver ungdomstrinn

### 6.1 Rekning


#### Lokale mål

Kommunen bør ha som mål å ligge nært landssnittet på alle fagområde, og at færrest mulig elevar ligg på meistringsnivå 1 og 2. Vi ønsker at fleire elevar kan prestere på dei to øvste meistringsnivåa.

#### Sykkylven kommune (EIGAR) | Meistringsnivå 8. trinn – rekning

| Skuleår | Meistringsnivå   | Sykkylven (eigar) | Møre og Romsdal | Landet |
|---------|------------------|-------------------|-----------------|--------|
| 2024-25 | Meistringsnivå 1 | 9,9 %             | 15,1 %          | 14,4 % |
| 2024-25 | Meistringsnivå 2 | 24,6 %            | 23,1 %          | 21,7 % |
| 2024-25 | Meistringsnivå 3 | 42,0 %            | 38,4 %          | 38,1 % |
| 2024-25 | Meistringsnivå 4 | 17,3 %            | 17,2 %          | 18,9 % |
| 2024-25 | Meistringsnivå 5 | 6,2 %             | 6,2 %           | 6,9 %  |


#### Utvikling Sykkylven – rekning 8. trinn:



## Sykkylven kommune (EIGAR) | Meistringsnivå 9. trinn – rekning

| Skuleår | Meistringsnivå   | Sykkylven (eigar) | Møre og Romsdal | Landet |
|---------|------------------|-------------------|-----------------|--------|
| 2024-25 | Meistringsnivå 1 | 8,5 %             | 7,2 %           | 8,2 %  |
| 2024-25 | Meistringsnivå 2 | 14,9 %            | 16,9 %          | 15,3 % |
| 2024-25 | Meistringsnivå 3 | 37,2 %            | 35,7 %          | 35,8 % |
| 2024-25 | Meistringsnivå 4 | 19,2 %            | 25,8 %          | 25,1 % |
| 2024-25 | Meistringsnivå 5 | 20,2 %            | 14,4 %          | 15,6 % |

### Utvikling Sykkylven – rekning 9. trinn:



### Skuleeigars eigenvurdering

Både for 8. og 9. trinn ligg resultata ganske nær landssnittet. 8. trinn har litt mindre andel på lågaste meistringsnivå enn landssnittet, medan 9. trinn har litt større andel på høgare nivå enn landssnittet. Samla sett er det eit rimeleg bra resultat. Konklusjon: Målsetjing nådd, men vi ser at det trengs ein innsats for å snu den svake trenden med større andel på dei to lågaste meistringsnivåa.

## 6.2 Lesing


### Lokale mål

Kommunen bør ha som mål å ligge nært landssnittet på alle fagområde, og at færrest mulig elevar ligg på meistringsnivå 1 og 2. Vi ønsker at fleire elevar kan prestere på dei to øvste meistringsnivåa.

### Sykkylven kommune (EIGAR) | Mestringsnivå 8. trinn – lesing

| Skuleår | Meistringsnivå   | Sykkylven (eigar) | Møre og Romsdal | Landet |
|---------|------------------|-------------------|-----------------|--------|
| 2024-25 | Meistringsnivå 1 | 15,8 %            | 12,5 %          | 11,7 % |
| 2024-25 | Meistringsnivå 2 | 30,3 %            | 26,1 %          | 22,6 % |
| 2024-25 | Meistringsnivå 3 | 40,8 %            | 40,8 %          | 38,8 % |
| 2024-25 | Meistringsnivå 4 | 11,8 %            | 15,7 %          | 19,4 % |
| 2024-25 | Meistringsnivå 5 | 1,3 %             | 4,9 %           | 7,5 %  |


### Utvikling Sykkylven – lesing 8. trinn:



### Sykkylven kommune (EIGAR) | Mestringsnivå 9. trinn – lesing

| Skuleår | Meistringsnivå   | Sykkylven (eigar) | Møre og Romsdal | Landet |
|---------|------------------|-------------------|-----------------|--------|
| 2024-25 | Meistringsnivå 1 | 9,6 %             | 8,1 %           | 7,0 %  |
| 2024-25 | Meistringsnivå 2 | 20,2 %            | 15,9 %          | 14,4 % |
| 2024-25 | Meistringsnivå 3 | 37,2 %            | 36,6 %          | 33,9 % |
| 2024-25 | Meistringsnivå 4 | 18,1 %            | 24,6 %          | 26,3 % |
| 2024-25 | Meistringsnivå 5 | 14,9 %            | 14,8 %          | 18,4 % |

## Utvikling Sykkylven – lesing 9. trinn:



### Skuleeigars eigenvurdering

Trenden for 8. trinn er bra, der andelen på lågaste meistringsnivå er redusert frå 26,3% til 15,8%. Trenden for 9. trinn ser ut til å gå motsett veg. Men her skal ein vere klar over at dette er det same kullet som førre år hadde over 50% på dei to lågaste meistringsnivåa. Dette er no redusert til 29,8%, noko som er ei markert betring. Konklusjon: Sykkylven ligg framleis under landssnittet i høve leseferdigheiter, men gapet er mindre enn det var ved førre måling. Målsetjing ikkje nådd, men utviklinga er positiv. Satsinga på tilpassa opplæring i lesing ser ut til å ha positiv effekt, og må halde fram.

## 6.3 Engelsk


### Lokale mål

Kommunen bør ha som mål å ligge nært landssnittet på alle fagområde, og at færrest mulig elevar ligg på meistringsnivå 1 og 2. Vi ønsker at fleire elevar kan prestere på dei to øvste meistringsnivåa.

### Sykkylven kommune (EIGAR) | Meistringsnivå 8. trinn – engelsk

| Skuleår | Meistringsnivå   | Sykkylven (eigar) | Møre og Romsdal | Landet |
|---------|------------------|-------------------|-----------------|--------|
| 2024-25 | Meistringsnivå 1 | 11,3 %            | 9,2 %           | 9,2 %  |
| 2024-25 | Meistringsnivå 2 | 20,3 %            | 19,9 %          | 17,5 % |
| 2024-25 | Meistringsnivå 3 | 49,4 %            | 45,5 %          | 42,9 % |
| 2024-25 | Meistringsnivå 4 | 13,9 %            | 18,4 %          | 19,9 % |
| 2024-25 | Meistringsnivå 5 | 5,1 %             | 7,0 %           | 10,5 % |

### Utvikling Sykkylven – engelsk 8.trinn:



(Resultat frå engelsk 9. trinn føreligg ikkje)

### Skuleeigars eigenvurdering


Resultata er litt dårlegare enn førre år, men samtidig litt betre enn for to år sidan. Resultatet for Sykkylven ligg noko under både landssnittet og Møre og Romsdal. Dette gjeld i særleg grad andel elevar som ligg på dei to høgaste meistringsnivåa. Konklusjon: Målsetjing ikkje nådd.

## 7. Karakterar og grunnskulepoeng


### Lokale mål

Karakterar og grunnskulepoeng gjeld for elevar som avsluttar ungdomsskulen. Kommunen har som mål å ligge om lag på nivå med snittresultata for landet.

### 7.1 Matematikk




### Sykkylven kommune (EIGAR) | utvikling matematikk standpunkt




### Skuleeigars eigenvurdering

Resultata for matematikk 10. trinn syner ei negativ utvikling samanlikna med førre år. Dette gjeld både standpunkt- og eksamenskarakterar. Resultata ligg også under gjennomsnittet for både fylket og landet. Konklusjon: Målsetjing ikkje oppnådd. Men vi må ta høgde for at dette kanskje også delvis kan forklarast med årskullvariasjonar.

## 7.2 Norsk




### Sykkylven kommune (EIGAR) | utvikling norsk hovudmål standpunkt




### Skuleeigars eigenvurdering

Resultata for norsk skriftleg viser eit lite «paradoks». Nemleg at resultata for Sykkylven er vesentleg dårlegare enn fylkes- og landssnittet i standpunkt, men vesentleg betre enn fylkes- og landssnittet i eksamen. Førre år låg både standpunkt- og eksamenskarakterane om lag på landssnittet. Konklusjon: Samla sett er målsetjinga oppnådd. Men at snittkarakteren i Sykkylven siste året er redusert frå 4,0 til 3,5 i i standpunkt er ikkje tilfredsstillande.

## 7.3 Engelsk



### Sykkylven kommune (EIGAR) | utvikling engelsk standpunkt



### Skuleegars eigenvurdering


Resultata for engelsk 10. trinn er tilfredsstillende. Sykkylven ligg om lag på landssnittet både i standpunkt- og eksamenskarakterar. Konklusjon: Målsetjing oppnådd.

## 7.4 Grunnskulepoeng

Grunnskulepoeng er ein samla gjennomsnittleg poengsum rekna ut frå alle standpunkt- og eksamenskarakterane på vitnemålet, og er med på å danne grunnlaget for opptak til vidaregåande skole.

### Lokale mål

Sykkylven har som mål å ikkje ligge under landssnittet.



### Skuleeigars eigenvurdering


Sykkylven i løpet av dei siste åra klart å tette «gapet» opp til landssnittet i høve grunnskulepoeng. Denne trenden vart snudd ved siste måling. Snittet for Sykkylven vart redusert frå 42,5 poeng til 41,1 poeng. Landssnittet er på 42,2 poeng. Konklusjon: Målsetjing ikkje nådd.

## 8. Fråvær og gjennomføring

### 8.1 Fråvær 10. trinn

#### Lokale mål

Bekymringsfullt fråvær kan ha store faglege, sosiale og psykiske konsekvensar for eleven. Målet er å redusere all uønska fråvær til eit minimum.



Både Sykkylven og landet hadde eit gjennomsnittleg fråvær på 8 dagar for 10. klassetrinn i 2023/24.

#### Skuleeigars eigen vurdering

Skulefråværet på 10. trinn vart i snitt redusert med 2,5 dagar samanlikna med året før. Det er positivt. Samtidig veit vi at med unntak av 10. årstrinn er det mangelfull statistikk på fråvær. Dette blir det jobba med, også på nasjonalt plan. Trenden er at fråværet aukar både i Sykkylven og på landsbasis. Dette kan ha mange årsaker og er eit samansett problem. Det kan vere både individuelle, familierelaterte og skulerelaterte årsaker til høgt skulefråvær. Sykkylven kommune jobbar no med ein ny handlingsrettelær, med tiltakstrapp, knytt til skulefråvær. Tiltaka vil også omfatte barnehage, fordi ein ser at problematikken rundt fråvær allereie kan starte der.

Det viktigaste skulen kan gjere for å førebygge skulevegring er å jobbe med eit trygt og godt skulemiljø for alle elevar. Eit godt samarbeid mellom skule og heim kan vere avgjerande for å fange opp og forhindre bekymringsfullt fråvær. Det er viktig å fange opp potensiell skulevegring tidleg nok, og sette inn gode tiltak. Nyare forskning viser at ein bør vere ekstra merksame på overgangen mellom småskuletrinnet og mellomtrinnet (4. og 5. klassetrinn).

Konklusjon: Sykkylven ligg på landssnittet i skulefråvær på 10. klassetrinn. Dette temaet må framleis ha stort fokus i åra framover. Det vidare arbeidet må følgjast tett opp både på skulenivå og på kommunenivå. Her må vi satse på førebygging, ei felles forståing for kva som er

bekymringsfullt fråvær, og kva tiltak som er nødvendig å sette inn i dei ulike fasane (ei konkret tiltakstrapp). LOS-funksjonen på ungdomsskulen spelar ei viktig rolle, og tett tverrfagleg samhandling med bl.a. PPT og skulefråværsteamet er nødvendig for å lukkast med dette. Samtidig er det viktig å ha fokus på foreldrerolla (informasjon og bevisstgjerings).

---

## 8.2 Gjennomføring/overgangar

### Lokale mål

Kommunen har som mål at alle grunnskuleelevene som er i stand til det, går over til og fullfører vidaregåande skule etter 10. trinn.

### Sykkylven kommune (EIGAR) | Overganger frå grunnskule til VGO

| År   | Andel overgangar |
|------|------------------|
| 2024 | 96,1             |
| 2023 | 98,9             |
| 2022 | 98,2             |
| 2021 | 98,6             |
| 2020 | 100,0            |
| 2019 | 98,1             |

### Sykkylven kommune (EIGAR) | Overganger frå grunnskule til VGO| Geografisk samanlikning

| År   | Sykkylven kommune (eigar) | Møre og Romsdal | Landet |
|------|---------------------------|-----------------|--------|
| 2024 | 96,1                      | 97,3            | 96,9   |

### Skuleeigars eigenvurdering

Sykkylven har jamt over hatt litt betre resultat enn landssnittet dei siste åra. At kommunen ved siste måling låg litt under landssnittet betyr ikkje at prioriteteringa og innsatsen på dette området er redusert. Med eit såpass lite lokalt utval veit vi at eit par elevar er nok til å gi store statistiske utslag. Innsatsen for å få alle elevar på 10.trinn over til vidaregåande skule held fram.

---

## 9. Individuelt tilrettelagt opplæring og inkluderende praksis

### 9.1 Spesialundervisning (individuelt tilrettelagd opplæring)


Ved innføringa av ny opplæringslov i august 2024 vart det tidlegare omgrepet «spesialundervisning» erstatta av omgrepet «individuelt tilrettelagt opplæring». I teksten under er den gamle nemninga nytta.

#### Lokale mål


Målet er at kommunen gjennom tidleg innsats, tilrettelegging og tilpassa opplæring klarer å redusere behovet for spesialundervisning. Gjennom målretta tiltak på lågare klassetrinn skal ein forsøke å redusere behovet for spesialpedagogiske tiltak på høgare klassetrinn. Utvikling av inkluderande læringsmilø skal redusere andelen elevar som mottok spesialundervisning.

Andel elevar i kommunale skular i Sykkylven som får spesialundervisning etter enkeltvedtak (GSI):

|              | 2020/21 | 2021/22 | 2022/23 | 2023/24 | 2024/25 |
|--------------|---------|---------|---------|---------|---------|
| 1.-4- trinn  | 9,4%    | 7,6%    | 10,9%   | 8,7%    | 9,8%    |
| 5.-7. trinn  | 14,2%   | 12,3%   | 14,5%   | 13,8%   | 13,7%   |
| 8.-10. trinn | 15,5%   | 15,2%   | 17,5%   | 19,6%   | 17,1%   |



## Utvikling samanlikna med landssnitt – alle klassetrinn samla



### Skuleeigars eigenvurdering

Det kan sjå ut som om Sykkylven dei siste par åra har klart å snu trenden der stadig større andel av elevane får spesialundervisning. Det siste året har andelen blitt redusert frå 14,4% til 13,5%, samla for alle klassetrinna. Sykkylven ligg framleis mykje høgare enn landssnittet, og har såleis ein lang veg å gå før målsetjinga er nådd. Trenden er likevel positiv. Spesielt sett i høve til ungdomsskulen, der nedgangen i spesialundervisning er størst. Vi veit at ekstra tiltak på lågare klassetrinn har mykje større effekt enn tiltak som vert sett inn seint i skuleløpet.

Skulane i Sykkylven har fokus både med måten ein organiserer klasseundervisninga på, tilpassa undervisning og tiltak for å heve kvaliteten på det ordinære undervisningstilbodet. Dette gjeld både gjennom formell kompetanseheving/vidareutdanning og gjennom forsøk på meir inkluderande undervisning i tråd med den nasjonale satsinga «Kompetanseløftet for inkluderande praksis og spesialpedagogikk». PPT er ein viktig samarbeidspartnar i dette arbeidet.

Målet er å avdekke særskilte behov så tidleg som mogleg. Ofte skjer dette i barnehagen. Forskinga er eintydig på at den beste måten å nytte ressursane på er tidleg hjelp og støtte til barn/elevane, før problema får vekse seg store og det gjerne oppstår tilleggsvanskar. Men det er ei reell utfordring at dei elevane som først har fått eit enkeltvedtak om spesialundervisning som regel blir «tilgodesett» med dette resten av grunnskuleløpet. Dette er ei problemstilling som blir mykje diskutert i PPT og blant rektorane. Spesialundervisning er knytt til ein individuell rett, og alle foreldre/føresette ønsker naturlegvis sitt barns beste. Samtidig er det viktig at tiltaka er kunnskapsbaserte.

Mange elevar opplever det som vanskeleg å måtte forlate fellesskapet for å gå til gruppe- eller eineundervisning. Dei mister også ein del læring i det sosiale fellesskapet og heilskapen i det som skjer i klassa forøvrig, av både faglege og sosiale aktivitetar. Samtidig er det viktig at elevar som treng øving på spesifikke område også kan få høve til å få dette i meir skjerma omgjevningar.

Det er også elevar som vil ha behov for skjerming og pausar i løpet av dagen for å roe ned stressnivå og hente seg inn att.


Dette betyr sjølvstakt at vi ikkje kan miste fokus på dei elevane som på grunn av sine individuelle føresetnader for læring har behov for intensiv, varig og omfattande individuell tilrettelegging av det pedagogiske tilbodet i skulen.

## 9.2. Alternativ opplæringsarena

### Lokale mål

Hovudregelen er at eleven skal ha opplæringa si i klassa/basisgruppa. Likevel kan det vere at enkelte elevar av ulike årsaker treng ein alternativ opplæringsarena for å få eit forsvarleg utbyte av opplæringa. Dette skal då vere eit tiltak etter prinsippet om tilpassa opplæring, og kan gjelde for ein kortare eller lengre periode. Målet er at den alternative opplæringsarenaen skal ha eit godt pedagogisk innhald, og at det er omsynet til eleven (ikkje skulen/kommunen) som er avgjerande for bruken av dette tilbodet.

### Alternativ opplæringarena – utvikling Sykkylven (eigar)



Tala er basert på GSI-rapporteringane

## Skuleeigars eigenvurdering

For at eit elev skal få ein alternativ opplæringsarena må dette vere heimla i enkeltvedtaket om individuelt tilrettelagt opplæring. Opplæringslova har ei snever opning for at skuleeigar kan ta i bruk alternativ opplæringsarena, og Udir skriv i sin rettleiar at hovudregelen er at eleven skal ha opplæringa i si klasse/gruppe. Ut i frå dette må skulane legge stor vekt på betre tilpassa opplæring/tilrettelegging for denne gruppa innanfor det ordinære opplæringstilbodet. Behov for opplæring utanfor klassa eller gruppa må kome tydeleg fram av sakkunnig vurdering frå PPT. Deretter må eleven ha eit vedtak om individuelt tilrettelagt opplæring der det kjem klart fram at eleven skal ha opplæring på ein alternativ arena. Bakgrunnen må vere at eleven ikkje får eit tilfredsstillande utbyte av opplæringa på skulen og at det er til eleven sitt beste.

Trenden syner at behovet er aukande. Dette gjeld ikkje berre for Sykkylven, men for heile landet. I fylgje GSI-rapporteringa er det i alt 34 elevar ved kommunale skular i Sykkylven som har alternativ opplæringsarena i 2024/2025. Ved barneskulane får elevane delta i varierte aktivitetar, noko knytt til skulen sitt område, i fjøra, på sjøen og ulike gapahukar. Like eins har ungdomsskulen eit alternativt tilbod som møter elevane på deira interesseområde innan gardsarbeid, verkstadararbeid, matlaging m.m. . Elevane opplever meistring gjennom praktiske aktivitetar. Elevane kan nytte alternativ opplæringsarena nokre timar per veke, ein halv dag eller meir. Dette er avhengig av kva som fungerer best for den enkelte. Barnets beste skal vere eit grunnleggande omsyn.

## 9.3. Særskilt norskopplæring

### Lokale mål

Målet er at eleven lærer seg norsk godt nok til at han/ho raskast mogleg kan følgje den ordinære opplæringa i skulen.

Utvikling av talet på elevar som får særskilt norskopplæring etter § 2-8 i opplæringslova:



### **Skuleeigars eigenvurdering**

Særskilt norskopplæring er ein individuell rett etter opplæringslova, og skulen skal difor fatte enkeltvedtak dersom kartlegging syner at eleven ikkje har tilstrekkeleg dugleik i norsk til å følge ordinær undervisning. I Sykkylven det i dag nær 100 elevar som har særskilt norskopplæring (basert på GSI-rapporteringa). Dette er ei femdobling sidan 2019/2020.

Dette har naturleg samanheng med at fleire flyktningar/innvandarar har kome til kommunen. Sykkylven har ein relativt høg andel elevar med minoritetsspråkleg bakgrunn. Det er viktig med undervegs kartlegging av desse elevane, som grunnlag for å avgjere når han/ho kan følge ordinær opplæring. Tilbodet kan bli gitt som tilrettelagt opplæring i ordinær klasse, eller i eigne grupper. Dette er eit viktig utviklingsområde for skulane i Sykkylven. Gjennom temaet «Tilpassa opplæring i norsk som andrespråk» (DeKomp) har skulane særleg fokus dette. Det viktig å understreke at alle lærarar på skulen, uansett fag og trinn, er språklærarar. Elevane bør vere mest mogleg i klassa etter kvart som dei har oppnådd eit visst språknivå.

---

## **10. Etter- og vidareutdanning for lærarar**

### **Kompetanse for Kvalitet – vidareutdanning**

I skuleåret 2024/2025 er det seks lærarar som tek vidareutdanning innanfor Udir si KfK-ordning. Faga dei tek er engelsk (2), spesialpedagogikk (1), andrespråkspedagogikk (1), kroppsøving (1) og profesjonsfagleg digital kompetanse (1). I tillegg er det ein lærar som tek rektorutdanning.

Vidareutdanningane blir finansiert gjennom Udir si stipend- og vikarordning. Komande skuleår vert ein overgangsperiode for ei heilt ny søknads- og tilskotsordning som skal tre i kraft frå og med skuleåret 2026/2027. Dette skal mellom anna sikre like vilkår for å gjennomføre vidareutdanning innan barnehage og skule (25% permisjon med lønn). I tillegg skal læraren søkje studieplass direkte til aktuell høgskule eller universitet, og ikkje gjennom Udir sin studiekatalog. Vidareutdanning for leiarar vil bli gjennomført som tidlegare år.

Mange lærarar på ungdomsskulen melder seg som sensorar på munnleg eksamen, og desse deltek på regionale samlingar der dei har erfaringsdeling saman med lærarar/sensorar frå andre kommunar. Førebuing og gjennomføring av eksamen må også sjåast på som ein del av kompetanseutviklinga. I tillegg kjem satsingane gjennom DeKomp som omfattar alle tilsette. Dette skjer i samarbeid med Høgskulen i Volda og kommunane på Nordre Sunnmøre.